

Protokoll

Ombodsmøte 12.12.2014

Ombodsmøte 2014 vart halde på Blåtind i Stordal.

Sak 1. Åpning av ombudsmøtet ved formann

Møtet vart opna av samlagsformann Frank Sve.

Sak 2. Velge referent

Vedtak:

Etter framlegg frå Sigbjørn Spjelkavik(Aalesund), blei Ola Vangen(Stranda) vald som referent

Samrøystes

Sak 3. Godkjenne innkalling og sakliste

Samlagsformann gjekk gjennom innkalling og sakliste, godkjent.

Sak 4. Godkjenne omboda fra skyttarlaga, angåande stemmerett

Samlagsformann føretok deretter oppteljing av frammøtte ombod med stemmerett. Følgjande møtte:

Skyttarlag	Tal på medlemmer	Tal på ombud
Engesetdal/Skodje	596	7
Hildre/Brattvåg	100	0
Langevåg	263	3
Liabygda	74	0
Solberg	27	0
Stordal	59	2
Stranda	333	5
Sunnlyven	162	3
Sykylven	399	3
Sæberget	74	0
Søvik	88	0
Tafjord	41	0
Valldal	94	2
Vestrefjord	86	0
Ytterdal	122	0

Ørskog	201	4
Aalesund	443	3
SUM	3162	33

Oppteljinga viste at totalt 33 ombod møtte, og møtet vart med dette lovleg satt.

Sak 5. Velge møteleiar

Vedtak:

Etter framlegg frå formann blei Frank Sve vald til møteleiar.

Samrøystes

Sak 6. Velje to ombod til underskriving av protokoll

Vedtak:

Etter framlegg frå møteleiar vart Finn Atle Oldeide (Sykkylven) og Rolf Matvik (Sunnylven) vald til å skrive under protokollen.

Samrøystes

Sak 7. Årsmelding frå styret

Utsendte årsmelding vart referert av møteleiar.

Ombodsmøtet saknar resultat frå lagskyting frå samlagsstemna og meir om arbeidet til styret. Blir notert ned av styret og tatt med på neste års årsmelding.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner styret si årsmelding med dei manglar som framkom.

Samrøystes

Sak 8. Årsmelding frå ungdomsutvalet

Ungdomsutvalet si årsmelding blei av ungdomsutvalet sin leiar, Roger Vangen (Stranda), presentert for ombodsmøtet.

Ombodsmøtet saknar resultat frå skogsløp med skyting under Landsskyttarstemnet. Blir notert ned av styret og tatt med på neste års årsmelding.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner styret si årsmelding med dei manglar som framkom.

Samrøystes

Sak 9. Godkjenning rekneskap

Møteleiar gjekk gjennom hovudpunkta i rekneskapet. Ombodsmøtet drøfta temaet om betaling til miniatyrfinalen, og bestemte seg for å kome tilbake til diskusjonen i ei eiga sak seinare i møtet.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner rekneskap med dei forflytningane som framkom.

Samrøystes

Sak 10. Godkjenne revisjonsmelding

Møteleiar gjekk gjennom hovudpunkta i revisjonsmeldinga.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner revisjonsmelding.

Samrøystes

Sak 11. Godkjenne budsjett 2015

Møteleiar refererte hovudpunkta i budsjettet.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner framlagt budsjett for 2015.

Samrøystes

Sak 12. Vedta honorar til styret

Ombodsmøtet drøftar honorar til styret og møteleiar kjem med eit framlegg om at valkomiteen, Finn Atle Oldeide(Sykylven) og Are Hestetun(Engesetdal/Skodje), legg fram eit forslag til samlaget i eit seinare tidspunkt.

Gjeldande satsar er som følgjer:

Formann:	kr. 2.000,-
Kasserar:	kr. 2.000,-
Ungdomsleiar:	kr. 1.000,-
Medlem:	kr. 500,-

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner at valkomiteen kjem tilbake med eit framlegg om honorar, til styret, til samlaget i eit seinare tidspunkt.

Samrøystes

Sak 13. Innføring av utøvarstipend for ungdomsskyttarane

Formann, Frank Sve (Stranda), legg fram forslag om utøvarstipend for ungdomsskyttarane. Dei skyttarane som når bestemte mål i løpet av sesongen vil kunne få tildelt eit utøvarstipend av samlaget.

Forslag til kva mål som burde bli satt for å kunne få tildelt stipend:

Klassesigar i samlagsstemna:	350,-
Klassesigar i Landsdelkretsstemnar:	350,-
Klassesigar i Midt Norsk meisterskap:	500,-
Medaljar i Norgescup:	500,-
Medalje på Landsskyttarstemnet:	750,-
Klassesigar på Landsskyttarstemnet:	Plankett + 2.000,-

Vedtak:

Etter framlegg frå Stig Fagervoll (Engesetdal/Skodje) med eit stipend til skyttarar som skyt 350 poeng for første gong, i sin klasse, på 500,-, godkjenner ombodsmøtet forslaget.

Samrøystes

Sak 14. Behandle innkomne saker frå skyttarlag.

- a) Framlegg frå Aalesund Skyttarlag om færre prøveskot:

Det skytes veldig mange prøveskudd i dagens DFS-program utendørs. Tidligere var det fem prøveskudd før 15-skudden og så tre enkle før grunnlag og omgang, nå er det som kjent 3 min prøveskudd foran hver av de tre delene. Siden elektronikken gnorde sin innmarsj på skytebanene har behovet for prøveskudd reelt sett gått ned siden anvisningen ikke lengre er prisgitt en nøyaktig anviser. Spesielt er bruken av prøveskudd stor på 100m hvor mange unge skyter særdeles mange prøveskudd. (Det eneste argumentet jeg har hørt ift å fortsatt ha prøveskudd foran 10-skudden

er at rekruttene er avhengige å ha skutt like før ti-skudden, men dette argumentet faller på sin egen urimelighet siden det tar like lang tid fra siste skudd på prøveserien som det er fra tredjeserien til tiskudden dersom prøveskuddene fjernes.

Aalesund skytterlag foreslår følgende endringer av TABELL 11.110

MESTERSKAPS PROGRAM BANESKYTING 200/300M og for

MESTERSKAPS PROGRAM BANESKYTING 100M:

1. *Prøveskudd skytes i forkant av 15-skudd, grunnlag og omgang.*
2. *Elektroniske skiver: Fritt antall skudd på åpen skjerm i 3 minutter foran 15-skudden og fritt antall skudd på åpen skjerm i 1 minutt før grunnlag og omgang.*

Styret har behandlet denne saken og sei følgjande: Styret går imot dette, og tilrår dagens ordning. Ei ordning med færre prøveskudd er blant anna svært uheldig for unge juniorar som bruker spesielt prøveskudd før grunnlag for innskyting av skytestillinga.

Ombodsmøtet drøftar saka.

Vedtak:

Ombodsmøtet avvisar dette forslaget og vedtek å vidareføre gjeldande regelverk.

Samråystes

- b) Framlegg frå Aalesund Skyttarlag om ei medalje i kvar klasse:

I andre idretter er man flinkere til å fokusere på andre klasser enn eliteklassen. I fysiske idretter er det ofte flere aldersklasser og /eller nivåer hvor man kan bli mester i. Med én medalje i hver klasse i 3-5 med gylt til beste skytter uansett klasse i stedet for dagens «tre medaljer i klasse 3-5» vil man kunne fokusere på klassevinnerne i større grad enn i dag samtidig som man vil kunne motivere skyttere i spesielt klasse 3 og 4.

Aalesund skytterlag sitt forslag: som en prøveordning i 2015 innføres én medalje i hver klasse i klassene 3,4 og 5 i stedet for (inntil) tre medaljer i klasse 3-5 sammenlagt. Beste skytter uansett klasse får gylt medalje og tittelen «stevnevinner». Dette gjelder bane. For felt innlemmes V55 og Kl 2 også i ordningen.

Styret har behandlet denne saken og sei følgjande: styret foreslår at dette vert innført i samlagsstemna frå og med 2015.

Ombodsmøtet drøftar saka.

Vedtak:

Ombodsmøtet vedtek at styret og utvalte medlem legg inn ny sak for neste år om premiering, medaljetype og pris for lagskyting på samlagsstemne og andre stemne. Og at samlagsstyret si innstilling vert vedteke som ei prøveordning i 2015.

Samrøystes

- c) Aalesund Skyttarlag legg fram forslag om reine samlagsstemne:

Dagens samlagsstevner har en tendens til å vare veldig lenge, og det er et voldsomt løft for det arrangerende lag å få arrangert alle de ulike skytingene på én dag. På samlagsmesterskapet i bane i år var det baneskyting, medaljeskyting, stangskyting, felthurtigtskyting og lagskyting – veldig mye å holde styr på, og vanskelig å få oversikt over.

Aalesund skytterlag foreslår med dette å forenkle Samlagsmesterskapene og at Samlagsstyret gjør en vurdering på dagens statutter.

Styret har behandlet saka og sei følgjande: *styret tilrår at samlagsstevna vert gjennomført som reine samlagsstevner inkl lagskyting. Stang, felthurtig og organisasjonsskyting vert arrangert som eige arrangement og eige opplegg.*

Ombodsmøtet drøftar saka.

Vedtak:

Ombodsmøtet vedtek innstillinga til styret. Stang, felthurtigtskyting og organisasjonsskyting skal bli arrangert før Landsskyttarstemnet som ei prøveordning i 2015. Det skal bli gjort ei evaluering til neste ombodsmøte.

Samrøystes

- d) Langevåg Skyttarlag legg fram forslag om korleis samlaget kan få ungdom til å etablere seg som seniorskytтарar:

Her er mange utfordinger, men det som vi ser som største utfording, og som blir drepen fro DFS på sikt om vi ikkje tenker annerledes raskt, det er økonomi for den enkelte skytter. Det er nå like før ammoprisen på 6,5 bikker 8 kr pr. skudd ferdigladda, og 4,20 for heimelading.

Korleis skal vi forklare foreldra til en ung lovende at det året du fyller 18, så vil du, om du har tenkt å satse sånn noenlunde seriøst, investere følgende:

Om du ikke har gjort det før: Skyteutstyr og dress til 15.000,-

Engangsinvestering: Gevær 6,5 og 22 til 25.000,-

Om du tenker å skyte 3000 skudd: 3000 kjøpeskudd x 8,- 24.000,-

Påmelding 30 stevner x 150,- 4.500,-

Reise til 30 stevner x 200,- 6.000,-

Sum årlig ca. 30.000,-

Så må di redusere denne med 10.000 om du investerer i laddeutstyr, og er villig til å bruke tid på dette.

Kun de mest ihuga foreldre vil gå for dette, tenk om man har flere, som der gjerne er i skytesporten.

Vi ønsker at det tas en diskusjon på dette i ombodsmøtet. For å konkretisere dette, slik det blir saker man må ta stilling til forslår vi følgende:

1. *Arrangementsavgift på åpne stevner fjernes, 70 kr senior og 30 kr rekrutt tas bort. Vil medføre redusert inntekter på 5000 kr for laget ved et stevne på 80-90 deltagere. Her må laga finne andre måter å dekke dette på, dagens stevnesponsor, mer innsats i kafe etc. faktum er at dette ikke er noe annet enn et stort pengebytte, en dugnad, der Langevåg betaler til Ålesund, og Ålesund til Langevåg osv. osv. Vi må slutte å se på et åpent stevne som en inntektskilde som skal bære seg selv og gi overskudd via avgifter.*
2. *Alle pengepremier som skytterne i Langevåg tar inn gjennom en lang sesong, f.eks 2.500,-, går rett inn på lagskontoen, og ved slutten av året holdes dette opp imot hvor mye den enkelte har tatt ut i ammunisjon, og de enkelte skyttere ender med å måtte betale en hel del. Med en slik praksis, hve betyr det egentlig å få 1 (en) hundrelapp på et stevne? Hva er det som driver oss og som gjør at vi reiser land og strand rundt for å stille i konkurranser? Ikke den hundrelappen i hvertfall. Men er her gode forslag til å gjøre noe annerledes?*
3. *Veldig kontroversielt, men nødvendig på sikt for å sikre rekryttingen i DFS.*

BYGGE OPP 50 METERS BANER UTENDØRS

Der kan det skytes DFS program med sau器 i kaliber 22, der man tenker breddeidrett. Dagens 200 meter skyting og feltskyting vil på sikt da forsvinne. Vi mener dette er helt nødvendig skal vi modernisere DFS og få med nye inn i skytesporten, uten at vi blir en gjeng gamle fossiler, og til slutt ingenting. Vi må tørre å ta denne diskusjonen ut i det offentlige rom, og konsekvensen for DFS sentralt blir jo selvsagt enorm, og man vil miste statstilskudd etc. men det er på tide å tenke nytt. Vår mening er at skytesporten i DFS ikke er tjent med å fortsette i samme spor som før. DFS må igjennom en hestekur, like det eller ikke. Vi i Langevåg Skytterlag ønsker oss over på 50 meter utendørs med kaliber 22. Men dette er for oss et kostnadsspørsmål, ikke fordi vi ikke trives på 200m og med grovfelt. Både i forhold til investering i utstyr, og løpende kostnader så blir det enklere.

Ombodsmøtet drøftar saka. Og Frank Sve kjem med forslag om å ikkje kutte arrangementsavgifta.

Vedtak:

Ombodsmøtet vedtek at styret og utvalte medlem vil kome tilbake til dette om arrangementsavgifta under ei ny sak til ombodsmøtet neste år. Etterspurnaden etter

50m utandørs bane er tatt til orientering og styret vil leggje dette fram som ei ny sak til neste ombodsmøtet(kanskje i samarbeid med Sunnmøre Rifleklubb).

Samrøystes

Sak 15. Terminliste 2015/2016

Møteleiar går raskt over terminliste 2015/2016. Samlagsformann ber alle lag drøfte, og setje klare tide for når stemna skal vere. Han oppfordrar alle lag til å unngå og leige ut lokala til dei helgene det er stemne.

Endringar:

1. Ørskog skyttarlag må flytte skytinga 10. og 11. januar til 3. og 4. i staden.
Midtvekeskytinga vil gå som terminlista sei.
2. Ombodsmøtet blir flytta frå 12. desember til 21. november grunna ingen stemne på Sunnmør den helga.

Vedtak:

Etter framlegg frå Rolv Arne Ljøen (Sunnylven) blir det vedtatt at alle formenn skal vere til stede under terminlistemøte for å setje klare datoar for når det skal vere stemne. Ombodsmøtet godkjenner terminlista etter dei endringar som framstod.

Samrøyste

Sak 16. Orienteringssaker frå Mørekretsen, regelverk

Møteleiar gjekk gjennom dei orienteringssakene som var frå Mørekretsen.

Vedtak:

Ombodsmøtet godkjenner orienteringssakene.

Samrøystes

Sak 17. Eventuelt – Betaling Miniaturfinalen

Møteleiar la opp til diskusjon om uklarheite til betaling av miniaturfinalen samlaget arrangerar på slutten av miniaturfinalen.

Framlegg:

Auke påmeldingsprisen på stemna med 10,- i alle klasser utanom Aspirant og open klasse, i staden for dagens ordning der arrangørane tar 70,- for senior/vet og 50,- for jun/rek for dei som vil melde seg på.

Vedtak:

Auke påmeldingsavgifta med 10,- i alle klasser, utanom Aspirant og open klasse, på alle miniatyrstemna skyttarlag i samlaget arrangerar.

Samrøystes

Sak 18. Val

Framlegg:

Styret

Frank Sve	Ikkje på val	1 år medlem, Gjenvalg som leiar 1 år
Monica Sæterøy	Ikkje på val	1 år
Stian Fagervoll	Gjenvalg	2 år, Gjenvalg som nestleiar 1 år
Ronny Vedå	Gjenvall - Går ut	
Rolf Arne Ljøen	Ny	2 år
Andreas Haugmo	Gjenvalg	2 år, Kasserar
1. Vara: Paul Moen	Gjenvalg	1 år
2. Vara: Gaute Aamlid	Ny	1 år
3. Vara: Ottar Haugen	Gjenvalg	1 år

Ungdomsutvalet

Roger Vangen	Ikkje på val	1 år, Gjenvalg som leiar 1 år
Bente Solli	Ikkje på val	1 år
Kåre Henriksen	Ny	2 år

Utdanningskontoret

Karoline Hansen	Ny	1 år
-----------------	----	------

IT-Kontakt

Ronny Vedå	Gjenvalg	1 år
------------	----------	------

Veteranutval

Paul Moen	Gjenvalg	2 år, Gjenvalg som leiar 1 år
Ole Petter Klokset	Ikkje på val	1 år
Petter Øie	Gjenvalg	2 år

Uttakingskomite, Senior & Veteran

Wilfred Kruger	Ikkje på val	1 år
Inge R. Fivelstad	Ny	2 år

Skifelt

Ungdomsutvalet fungera som skifeltsutval.

Pressekontakt

Knut Frøysa	Gjenvalg	På visse vilkår: Alle arrangørar som ønskjer presseomtale av stemna dei har arrangert, må sjølv kontakte Knut med resultatlistene, alle klassevinnarane og evt. bilete søndagskvelden etter avslutta stevne.
-------------	----------	--

Revisorar

Ola Kåre Dybvik	Ikkje på val	1 år
Inge R. Fivelstad	Gjenvalg	2 år

Valnemnd

Finn Atle Oldeide	Gjenvalg	2 år
Are Hestetun	Ikkje på val	1 år

Vedtak:

Ombodsmøtet slutta seg til framlegg som blei presentert på møtet.

Samrøystes

Ombodsmøtet avslutta møtet med ein flott middag og noko godt i glaset.

Blåtind 12.12.2014

Ola Vangen